

De Jenz intervju

– Vibeke Jensen og Santiago De Waele

Skrevet av Vilde Fatland Njøten (15) og Eiril Bukkøy (13)

#Sommarredaksjonen Solund 2025 – Juni 25 Solund kommune

De Jenz er ein kunstnar duo som har fått i prosjekt å lage en skulptur dei har gitt namn “Suling”. Vi har vært heldig å fått interjuvet dem, og nå skal du få lese det.

24. 06. 25 reiste vi ut til Nautøyna for å holde eit intervju med kunstnarane De Jenz. Vi vakna tidleg for å ta båten som skulle gå 07:40. Båten vi tok brukte rundt 40 min fram til Nautøyna der vi møtte Vibeke og Santiago på kaien. Vi helste på dei og følgde med dei ned til huset dei eige. Vi blei velkome inn og såg oss litt rundt på kunsten dei hadde, deretter satt vi oss ned for å starte interjuvet.



På veg til Nautøyna. Vilde Fatland Njøten



Startar interjuvet. Foto av Vilde Fatland Njøten

- “Kva var baktanken bak skulpturen “Suling”?”

Santiago forklarte at skulpturen “Suling” skulle representere landskapet vårt i Solund, og koplinga mellom øyene i Solund. Vibeke forklarte kort at dei alltid undersøker området kvar dei skal ha et prosjekt før dei begynner å arbeide. Dei har les gjennom historia, sett etter namn og sett på den geologiske historia i Solund. Dei ville at toppen av skulpturen skulle førestille øyer og at botnen på skulpturen skulle førestille havbotnen imellom øyene. Dei tenkte på det som en metafor for folk, menneskjene er som øyer og alle er kopla saman med eit felles grunnlag. Ein kan raskt forstå at skulpturen “Suling” har en djupare betydning.



*Modell av
kunstverket
“Suling”.
Foto av Eiril
Bukkøy*

- “Korleis ville dykk beskrive kunsten med eige ord?”

Kunsten dei har er veldig variert meiner Santiago. Han meiner at om det ikkje er variasjon mellom kvart prosjekt blir det raskt kjedeleg. Santiago forklarte også at dei likar å halde prosjekta sine opne slik at dei kan utforske nye ting og at de kan gjere det dei vil utan berekning når det kjem til kunst. Santiago meiner at hovudpoenget med kunsten deira er at det inneheld ein følelse av oppdaging.



Kunsten til De Jenz. Foto av Vilde Fatland Njøten

- “Kor langt i prosjektfasen er dykk kome?”

Dei er kome ganske langt inn i prosjektet. Det er berre bygginga som står igjen, seie Santiago. Dei hadde litt mangel på materiale som trevirke, men det skulle dei få tak i. “Sjølve bygginga av skulpturen vil gå ganske så fort.”

Vi tok oss en liten tur ned til NKKA – Norsk Kulturakademi for å sjå på materiale og for få eit litt betre bilde på produksjonsprosessen. Vi fekk vite litt om materialet som skulle brukast, og vi fekk sjå nokon av målingane Santiago hadde skrevet på trevirket. Trevirket som skal brukast er ein svartelista tresort opphavleg frå Siberia som har vekse i Storehaugen i Solund. Alt materiale de skal bruke er frå Solund slik at alt blir kortreist. Skifer steinen de har tenkt å bruke utanpå deler av skulpturen blir brukt om igjen frå taket på den gamle ungdomsskulen.

Vi merket at det var veldig unikt at dei tar i bruk ein svartelista tretype til å byggje noko så meningsfullt som skulpturen Suling. Denne skal bli brukt som ein møtestad og skal stå ute på skuleplassen.



Materiale til "Suling". Foto av Eiril Bukkøy. 25. 06. 25

- "Kva følelsar vil de publikum skal få av skulpturen "Suling"?"

"Det er opp til folket å bestemme kva dei føler og tenkjer om skulpturen", seie Vibeke. Men dei håper at folk vil engasjere seg med skulpturen og bruke "havbotnen" på skulpturen som ein slags møteplass i staden for at det blir en struktur man berre ser på.

- "Har dykk alltid likt kunst? Om ikkje, kva inspirerte dykk?"

"Det er ikkje noko eg har tenkt over, sidan eg alltid har vore interessert i kunst, sjølv då eg var veldig liten. Eg vart født med det, det ligger i genen", seie Santiago.

"Sama her, eg vart vand til å teikne og lage ting da eg var yngre." sa Vibeke. "Eg pleidde å male familie og venner og eg gjekk også på nokon maleklasser."

- "Kva gjer dykk når dykk opplever periodar med kreativ sperre?"

“Vi opplever egentleg ikkje kreativ sperre”, seie Vibeke. “Vi er alltid open til ting som skjer rundt oss, og lar oss inspirere av det”. “Kreativiteten er intrigert. Det er en livsstil, ikkje ein ting ein berre gjer.”

“Berre av å sjå ut vindaugget eller høyre på radioen kan trigga meg til å skape ein ny ide til å lage kunst.” Sa Santiago.



Verkstaden til De Jenz. Foto av Vilde Fatland Njåten

- “Om dykk kunne samarbeidet med kven som helst, død eller levande. Kven ville dykk samarbeidet med, og kvifor?”

“Dei kunstnarane som du vet minst om er ofte dei som er mest interessante.” seie Santiago. “Folk som du har en ide om korleis dei kanskje er kan ofte ende opp med å være ein ekte dritsekk. Men også er det jo sjølv sagt andre folk som er super kjekke å samarbeide med.”

“Eg synes det er kjekt å samarbeide med andre folk. Oftast samarbeider eg i store grupper. Det er ganske så inspirerende å jobbe med andre og sjå andre sine måta å uttrykke seg sjølv når det kommer til kunst, men det er ikkje nokon spesielle eg ville samarbeidet med.” Seie Vibeke

- “Har dykk nokon tips til ungdom som ønskjer å lage kunst?”

“Berre gjer det.” Seie Vibeke og Santiago med ein gong.

“Vil du male med hendene, så mal med hendene. Vil du male med pinnar, mal med pinnar. Du trenger ikkje nokon fancy greier for å skape kunst. Det er ingen grenser innanfor kunst. Berre gjer det.” Seie Santiago.

“Det er alltid bra og inspirerende å sjå på kunst, og å være informert innanfor kunst. Ein burde utfordre seg sjølv. Det er det du gjer som bygger kunsten din. Man må tørre å putte ut kunsten sin, man må også tørre å snakke med andre kunstnarar.” Seie Vibeke

“Mal det du føler for og ikkje det som er en trend eller kva alle andre gjer. Gjer din eigen greie, gjer det som følast riktig”, seie Santiago til slutt.



Vibeke Jensen og Santiago De Waele.

Foto av Vilde Fatland Njåten.



Kaien på Nautøyna. Foto av Eiril Bukkøy.